



STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG
TELEMARK
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Team klima, miljø og internasjonalt arbeid

Vår dato: 11.12.2024
Deres dato: 25.10.2024
Vår referanse: 24/24005-2
Deres referanse: 2023/5285
Vår saksbehandlar: Ole Bjørn Bårnes

Uttale til frivillig vern av skog – høyring av verneplanar for utviding av eksisterande naturreservat og nye naturreservat i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Notodden, Seljord og Tokke i Telemark

Telemark fylkeskommune viser til sending datert 25. oktober 2024 om utviding av eksisterande naturreservat og nye naturreservat i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Notodden, Seljord og Tokke i Telemark – 2023/5285.

Bakgrunn

Statsforvaltaren har sendt verneplan for frivillig vern av skog på privat grunn på høyring. Høyringa er ledd i det nasjonale arbeidet med frivillig vern av skog der private grunneigarar har sendt inn tilbod om vern av eigen skog.

Høyringa omfattar sju område i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Notodden, Seljord og Tokke. To av områda har areal i to kommunar. Fem av områda er nye naturreservat, to er utviding av eksisterande naturreservat.

Det er gjort registreringar av naturverdiane i områda som dokumenterar verdiar som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldlova. Skildring av verneverdiar går fram av høyringsdokumenta.

Fylkeskommunens vurdering

Fylkeskommunen vil i punkta nedanfor kommentera på dei delane av verneforslaget som kan påverka ansvarsområda våre:

Vilt og fisk

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at verneforslaga vil berøra regionale vilt- og fiskeinteresser negativt.

Kulturarv

Innanfor områda er det ikkje kjente nyare tids kulturminne av nasjonal verdi. Det kan likevel vere viktige kulturminne av lokal verdi som fylkeskommunen ikkje har kjennskap til. Kommunen som har forvaltningsansvaret for kulturminne som ikkje er freda, må gjere ei vurdering av dette.

Statsforvaltaren bør vurderer om ein i slike område kan tillate å ta ut enkelte tre med spesiell kvalitet, til antikvarisk istandsetting av mellomaldebygg.

Med helsing

Ole Bjørn Bårnes

ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.